



**Då DS Stord I låg i Rosendal på sundag fekk skipper om bord, John Rebnord, overrekt eit gammalt skipsur frå uskedelingen Torgeir Øye.**

På eit bilde hadde Øye sett at det hang ei moderne, digital klokke på skottet. Det førte med seg at mannskapet om bord fekk tilbod om eit gammalt, tidsrett skipsur som Øye hadde fått tak i i Haugesund, og som ville passa om bord på skottet i styrehuset.

Han tok turen til Rosendal på sundag og overrekte uret.  
Dette er ei gåve som Stiftelsen DS Stord I set stor pris på.

På biletet ser vi frå venstre styreformann i Stiftelsen DS Stord I Arne Sundal, skipper John Rebnord og Torgeir Øye.

**Tekst/foto: Harald Sætre**